

Nesset ved Levanger:
29. des. 1959.

Norsk Etnologisk Gransking.

Oslo.

Herr konservator A. Ropeid.

Vedlagt sender eg Dykk svar på spørjelistene nr. 3
(om brynet) og nr. 4 (om baking).

Skrivemaskinen min er i ulage, slik at eg har mått skrive med minste lineavstand. Og elles kan det vel vera nokre feilslag her og der, men eg vonar at alt er forståeleg.

Det vart 3 ark om brynet og lo om bakinga. Men der- som vi reknar om til vahleg lineavstand på dei 9 siste arka, skulle det vel minst bli ein 15 - 16 sider. No ja, det er vel ikkje kvantitetten som tel.

Ved tid og høve skal eg ta for meg sume andre av dei gamle spørjelistene, serleg dei som vedkjem det mest vanlege gardsarbeidet. Eg har hatt høve til å sjå dei svara som Martin Sivertsen har sendt inn for Skogn, og eg meiner at opplysningane hans kan supplerast på mange punkt. Det var vel helst litt meir gamaldags i Markabygda, der eg voks opp, enn frammi bygda, der Sivertsen har sanka inn sitt tilfang.

Vyrdsamt

Nelius Hallan.

Kanskje De kan sende meg noko skrivepapir og gjerne eit par-tre slike "Førsteblad!"

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3

Fylke: Nord-Trøndelag.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Skogn.

Emne: Brynet

Bygdelag: Markabygda.

Oppskr. av: Nelius Hallan.

Gard: Hallan og grannelag.

(adresse): Nesset ved Levanger.

G.nr. 102. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Det heiter "ei hein, heina, fleir heini, heinin!"

Men det var fleire slag heiner~~x~~ etter kva slag
materiale dei var laga av, ~~xåkixxtilxdunneeee~~ og
etter kva dei vart nytta til, såleis til dømes:
ljåheiner (desse var av vanleg leirskifer og vart
brukt til kvessinga av ljå og skjurru.)
Næverheiner var av ein spesiell hard heinstein
som visstnok berre finst på ein stad i Trøndelag,
nemleg oppi Næverdalen i Mostadmarka i Malvik.
(Elva her heiter Nævra.) Av desse næverheinene var
det to slag, - eit slag vart kalla blåhein og
den andre brunhein. Blåheinene vart serleg brukt til
kvessing av barberkniver og annan reiskap som skulle
vera serleg kvass. Næverheiner vart mest brukt til
kvessing av eggstål, økser, osb.

2. Det finst skifer mange stader i bygda, og heiner
av dette materialet blir nok framleis nytta, men
dei ovannemnde næverheinene har no komi bort som
salsartikkel. Næverheinene var ein stor sals-
artikkel i Trøndelag i eldre tid. Dei vart selt
på martnaden på Levanger og seinare i butikkane
heilt fram til 1930-åra, kanskje stundom enno den
dag i dag. Kring 1900 var det også ei anna hein i
handelen. Ho vart kalla oljehein, men eg veit ikkje
om denne var av naturstein eller kunststein.
Namnet kjem seg av at dei brukte olje i staden for
vatn når dei slipte med desse heinene.

- (2.) I Skogn (og Frol) fanst det ikkje steinslag som som var x så godt skikka til heiner at det kunne produserast noko til sal.
- 3.) Alle gardsreidskap vart først slipt på slipestein og dinæst heina. Finare knivar, serleg barberknivar, vart berre heina.
- 4.) Sliping av ljå, skjurru, sigd og øks har vori vanleg så lenge folk minnest (og ~~dettekkjan~~ slipesteinen er nemnt i skifta heilt frå 1690-åra), men når ~~kjæren~~ ~~ekker~~ øksa var svært nedsliti, måtte dei tynne ut den i smia.
- 5.) Denne slipingsmåten er nok ukjent i bygda. Men eg har da sett folk som har slipt kniven sin på dørhylla. Dørhylla var som oftast ei stor skiferflate.
- Her må eg skyte inn at det visstnok i lang tid har vori vanleg å slipe barberknivane på ~~terreinm~~ ei lerreim som blir kalla strykreim. Slike kom seinare i handelen, men eg har sett reimar som har vori heimlaga. Dei kunne også, når ikkje anna var for handa, slipe barberkniven på ~~skirre~~ slir-reima, dvs. livreima (bukserema). Når alt kjem til alt, var denne framgangsmåten nokså vanleg, for slirreima er svært så måteleg til den bruken. Da eg var i underoffiserskolen i åra 1902 - 1905, såg eg mange soldatar som skjerpa barberknivane på bandolæret.
- 6.) Dei heldt det for at ljåen ikkje skulle slipast meir enn ein gong for dagen, men han vart heina mange gonger, kanskje opptil loo gonger. Men da tala dei ikkje om å heine. Dei sa dei at dei strauk ljåen. ("No må æg stryk' ljå'n min"). Det var visst berre om ljåen og barberkniven dei nytta verbet å stryke. Elles sa dei å heine.
- 7.) Slipereidskap av tre er heilt ukjent.
- 8.) Til vanleg sat ljåbladet fast på orvet når dei slipte (både på slipestein og med hein), og når dei slipte på slipestein, heldt dei eggja mot seg. Ljåen var festa med tæger, og da var det mødesamt å ta av ljåbladet.

- 9.) I Skogn er det berre tale om langorv. Orvet vart sett på jorda, og med venstre handa heldte dei fast ljåen på bakken (= på ryggen av ljåbladet). Med høgre handa førte dei heina fram og attende. Utover strauk dei på den eine sida og innover på den andre sida. Denne strykkinga vart nokså taktfast, så ein kunne lett høre om det var ein som var vant til å heine eller ikkje.
- 10.) Ein strokk (heinstrokken) utt: stråkk. Denne var laga av tre av eit uthola treemne, mest av gran, stundom av older. Men i seinare tid kom det i handelen strokkar av blekk.
- 11.) Ukjent.
- 12.) Bak på vinstre hofta, ~~festkxxixxixxkkakksanxslikk~~
~~kkixxx~~ Det var ein krok i strokken, og kroken vart festa over slirreima.
- 13.) Vatn vart brukt til alle gamle heiner, så nær som til dei såkalla oljeheinene. Da slåmaskina kom i bruk, kom det også etter kvart heiner av kunststein til sliping av slåmaskintennene, og desse heinene trong ikkje vætast.
- 14.) Det var eit spesielt namn på den "supa" som lagar seg på slipesteinen og heina ved slipinga, men eg kjem ikkje i hug det no. Derimot minnest eg at vi tala om ro på egg. Det var den kanten på eggstålet som bøygde seg unna ved slipinga, og denne måtte strykast bort med heina. "Du må stryk' tå roa!"
15. - 20. Ukjent.

Tillegg. Dei sa at dei slipte på slipestein, men dei kvesste med heina. Dei sa visst aldri at dei slipte med hein.

Stråkken vart også kalla strokkhus, men det første var mest vanleg.

Morfar (1823 - 1895) dreiv som eggsmed i Markabygda, gjekk sjølv ein gong til Mostadmarka i Malvik for å finne seg næverheiner.